

## Godt påskenummer av Uskedalsposten

30.03.2011



# USKEDALSPOSTEN

Påska 2011

6. årgang

Laussal kr. 50,-

## Mannsvatnet og hyttemiljøet



Fjellstovo - Side 32-39

Uskedal-familie på 3 berga  
livet då tankaren eksploderte  
Side 6-10

Jostein - fiskaren frå  
Uskedalen Side 3

Krigsseglarane frå Uskedalen  
Side 18-24

Barn og mobil  
Side 14-16



**Påskenummeret av Uskedalsposten er i salg på dei vanlege utsalgsstadene.  
Vi er blitt vane med at dette bygdebladet er av høg kvalitet med variert og godt stoff.  
Slik er det også denne gongen!!  
Derfor råder vi alle til å sikre seg det populære bladet til påskelektyre.**

Leiarane Ola Matti Mathisen, Tore og Britt Toril Mathiesen har heile tida gjort ein strålande jobb i arbeidet med Uskedalsposten. Den yngre delen av redaksjonen har naturleg nok skifta frå år til år. Likevel er desse ungdommane særst viktige for avisa både som eit opplærande ungdomstiltak, og for breidde i det redaksjonelle stoffet. Også denne gangen gjer desse unge journalistpirene ein glimrande jobb!! Dei fortener absolutt å verta nemnde med namn: Frida Nybakk, Hilde Legland, Ingvill E. Myklebust, Karen P. Brede, Kathrine Saghaug, Malin Bakke Eik og Solveig Haugland. Eg takkar dåke for interessann lesnad og gratulerer med eit flott produkt. Dåke er jammen flinke!!

Lesarane får eit godt innblikk i fiskaren sitt liv ved å lesa om bygda sin eigen fiskar – Jostein Legland. Gripande er det å lesa om dei dramatiske opplevingane til familien Jan Henrik, Liv og vesle Liv Janne Hansen då tankaren Ferncastle eksploderte i Atlanterhavet for 40 år sidan. Interessant er det og å få kjennskap til kva dei ulike fargane på gummiarmbanda, og kor viktig mobilen er for ungdommane. Vi blir og betre kjende med nye-rektoren på skulen vår.

Uskedalsposten er kjend for å ha godt og interessant lokalhistorisk stoff. Slik er det også denne gangen. Lærerikt er det å lesa stoffet frå krigsåra;- oversikten over krigssegclarane frå bygda, og om Hans L. Landa som fall i krigshandlingane.

Mange uskedelingar har eit spesielt og godt forhold til Mannsvatnet og området rundt. Derfor passar det svært godt med ein brei omtale av hyttemiljøet der i påskenummeret. Elles er det mykje og godt påskeunderhaldningsstoff som er laga av ungdommane i redaksjonen. Påskeandakten skriven av Camilla Myklebust høyrer og naturleg med i eit påskeblad.

Som sagt: eg er imponert både av breidde og kvalitet. Eg kan berre anbefala.....

Ingen påske utan Uskedalsposten.

Av Thor Inge Døssland

# May-Liss - ny rektor i Uskedalen

Av: Frida Nybakk, Malin Bakke Eik, Kathrine Saghaug, Karen Pedersen Brede



Marie Elisabeth Kaldestad på sitt nye kontor.

Det nye året starta med at Uskedalen Oppvekstsenter fekk ei ny leiing. Marie Elisabeth Kaldestad overtok da som rektor etter Vidar Haugland etter at dei to har jobba saman dei 2 siste månadane. Difor har me stilt ho nokre spørsmål om korleis det er å være rektor på Uskedalen Oppvekstsenter.

[Ein av artiklane er intervju med den nye rektoren](#)

**-Kva liker du best med å vera rektor?**

-Det er å prøva å få ein god skule både faglig og sosialt.

**-Korleis er det å overta ein ny skule?**

-Det er kjempekjekt og litt vanskeleg.

**-Kva er vanskeleg med rektorstillinga?**

-Det er vanskeleg å få tid til alt.